

NOTAT

Til: Styringsgruppa
Fra: Vestland fylkeskommune
Kopi:

Vedlegg nr. 2

Saksbehandler/telefon:
Torill Klinker / 90899261
Vår dato: 20.02.2025

Sak 20/25

Bruk av post 66 regjeringas bompenggeavtale - tilskot til betre kollektivtilbod for året 2025

Bakgrunn

Denne saka er ei oppfylging av tidlegare saker i styringsgruppa, mellom anna i møtet den 4. oktober 2024 der *Bruk av tilskot til betre kollektiv* vart handsama under sak 49/24. Fylgjande vedtak vart fatta:

Styringsgruppa sluttar seg til at det statlege tilskotet for 2024 (126 mill.) vert nytta som vist i vedlegg 3. Det blir lagt fram ny sak om bruk av tilskotet for 2025, tidleg i 2025.

Gjennom byvekstavtalen vert Bergensområdet tildelt 131,2 mill. kr. for 2025 over post 66, tilskot til betre kollektivtilbod. I tillegg har vi 2,9 mill. ståande på fond, etter mindreforbruk i 2023. Styringsgruppa i Miljøløftet har avgjort at midlane skal nyttast til *Bybanen*, utan nærare konkretisering. Midlane skal konkretiserast årleg, og nyttast i løyvingsåret. I avtalen er det presisert at det er ein føresetnad for tildeling av dette auka tilskotet at nullvekstmålet blir nådd.

Vestland fylkeskommune har no utarbeida framlegg til bruk av midlane for 2025, totalt 134,1 mill. Ettersom staten ikkje har kome med lovnader knytt til finansiering av BT5 er det for fylkeskommunen svært viktig å nytta dei statlege midlane slik at dei sikrar naudsynt behov for *Bybanen* og samstundes ivaretek god risiko- og økonomistyring.

På bakgrunn av dette foreslår fylkeskommunen at ein i 2025 nyttar midlane slik:

Tiltak	2025
KDP Vest Planmidlar til Bergen kommune sitt planarbeid med kommunedelplan Vest, som skal fastlegga framtidig bybanetrase til Dokken – Laksevåg – Lyngbø. Dette vil sikra naudsynt framdrift på vidare planlegging av bybanenettet i Bergen, og sikra naudsynt kapasitetsauke i kollektivsystemet på lang sikt.	12

Vedlikehold av investeringskarakter Bybaneinfrastrukturen har behov for oppgraderingar i form av tyngre vedlikehold av investeringskarakter, slik som utskifting av infrastruktur og materiell. Auka innsats på dette feltet no er med på å sikre naudsynt regularitet og oppetid for Bybanen og dermed bidra til at denne viktige delen av kollektivsystemet fungerer som planlagt.	50
Gangtilkomst til bybanehaldeplassar For å auke attraktivitet og sikra trygg tilkomst til bybanehaldeplassar vert det sett av ein eigen pott til å gjennomføra mindre tiltak i direkte tilknytning til bybanen.	11,2
Redusert uttak av bompengar For å ivareta god risiko- og økonomistyring er det ynskjeleg å nytta minst mogleg bompengar til BT5 inntil prosjektet har garantiar om statleg finansiering. Det er i staden hensiktsmessig å redusera uttaket av bompengar. Gjelda i Bypakke Bergen var på 4,5 mrd. pr 31.12.2024. Høge låne- og finansieringskostnader gjer det gunstig å redusera uttak av bompengar når ein har moglegheit til det.	61
Sum	134,1

Fylkeskommunen vil koma attende med sak om konkretisering av bruken av midlane for 2026 i første halvår av 2026.

Forslag til vedtak

Styringsgruppa sluttar seg til at det statlege tilskotet for 2025 (134,1 mill.) vert nytta direkte til Bybanen, som vist i saksgrunnlag.